

Sendt til NRK Ytring 10.09.2023

Kvifor frykte friskolar?

Av Helge Vatne, fung. generalsekretær i Kristne Friskolers Forbund

Ap-leiar Jonas Gahr Støre møtte KrF sin partileiar Olaug Bollestad i duell om friskolar i den siste partileiardebatten i NRK før valet. Med engasjement formidla Støre at det nærast var ei handling i naudsituasjon når tiltak for å stagge framveksten av private skolar blei gjort. - I forrige regjeringsperiode, det kom én ny privatskole i måneden som ble opprettet innanfor et skolebudsjett som gjorde at vi måtte legge ned offentlige skoler, sa Støre i debatten i følgje simultantekstinga.

Regjeringa sitt første strakstiltak var å gje friskolelova namnet privatskolelov, sjølv om mange private skolar ikkje er omfatta av lova. Deretter vart «særskild profil» fjerna som eitt av grunnlaga for godkjenning med rett til statstilskot. Hittil siste trekk kom før sommaren då kommunar og fylkeskommunar i større grad enn før fekk høve til å stoppe godkjenning av ein ny friskole.

Vi skjønner det er talet på friskolar som skapar frykt. Innhaldet i skolar med alternativ pedagogikk vert i alle fall sett pris på i følgje Støre, og noko anna ville vore underleg. Støre og kona valde sjølve Steinerskole for eigne barn då desse var i skolealder.

Er så talet på friskolar verkeleg eit problem? 4,6 % av norske elevar i grunnskolar går i friskolar. Det er ikkje mykje. I Danmark er det 20% og i Nederland 66%, og ikkje noko tydar på at dette skapar problem i desse landa.

Og vi spør vidare: Kom det verkeleg ein ny friskole i månaden under førre regjering? Det tar ei tid frå ein friskole får godkjenninga til skolen er i gong, så det bør vere greitt å samanlikne året 2021 med året 2022. Ei teljing syner at det starta opp sju nye, frittstående grunnskolar i 2022. På vidaregåande nivå starta to.

Dei to vidaregåande skolane var spesialskoler, godkjende for å berre gi tilbod til ungdom med lærevanskar. Desse skolane driv verksemda med 100% statleg finansiering, og drifta skjer som regel i nært samarbeid med PPT og andre i fylket som jobbar med ungdom som slit. Det er ikkje kvart år det kjem nye slike skolar, og det er få av dei i landet. Så desse to nye er lite relevante i debatten om framveksten av private skoler.

Det var ein grunnskole og ein vidaregåande skole godkjende etter privatskolelova som la ned verksemda sommaren 2022. Om ein då ser bort frå dei to spesialskolane, blei netto tilvekst fem friskolar i 2022 (7+2-2-2).

Av dei sju nye grunnskolane som starta opp i 2022, var to realfagskoler. Slike blir ikkje godkjende lengjer. To var toppidrettskolar, ein var internasjonal skole og dei to siste var skolar i bygde-Noreg som blei starta av foreldre for å erstatte ein nedlagd kommunal bygdeskole.

Foreldrestyrde bygdeskolar er det ca. 80 av i Norge. Dei fleste er Montessoriskolar, sju-åtte er kristne skolar og tre er profilskolar med entreprenørskap som særpreg. Det er direkte feil at nye friskolar fører til at kommunale skolar må leggje ned. Rekkjefølgja er motsett: Kommunen legg ned, og så startar foreldra ein friskole.

Dei to nye toppidrettskolane i 2022 høyrer til ei gruppe skolar som idretten i Noreg heiar på. Frittstående skolar med toppidrett har i mange år fått fram eliteutøvarar i ulike vinteridrettsgreiner, men dei seinare åra har slike skolar også «levert» idrettsstjerner i mellom anna tennis og golf.

Dei internasjonale skolane har sin heilagjeng i norske bedrifter som treng tilsette med høg kompetanse. Kongsberg-gruppa er blant dei som hatt stor glede av å syne jobbsøkjjarar at internasjonale skolar finst.

Så kva er det å frykte? Friskolane er til det gode for mange, og ingen rikfolk skor seg på desse. For i friskolar må alle inntekter kome elevane til gode. Det seier lova.

Kanskje er det svak kommuneøkonomi mange fryktar. Og sant er det at overføringa frå staten vert minka for kvar elev som vel friskole. Men staten lar raust 20% av ein elevkostnad bli igjen hos kommunen, og trekket skjer først 1 ½ år etter at eleven sa takk for seg i kommune-skolen.

Alle kommunar har til alle tider takla svingande tal på elevar i bygder og bydelar. Dei små endringane som skuldast elevar som flytter over til ein friskole, merkast knapt. Det tar mange år å fylle opp ein ny friskole med elevar.

Det er ikkje noko å frykte med friskolar. Kunne vi ikkje difor heller gle oss over at fleire foreldre enn Støre med frue får velgje ein skole dei likar? Kan vi ikkje berre seie takk for gode tilbod til ungdom som driv idrett og takk for at barn får internasjonal skoling fordi familiane treng det? Og er det for mykje å vente av politikarar og andre godtfolk at dei ikkje motarbeidar foreldre som inderleg ønskjer å gi barna sine opplæring på eit synleg kristent verdigrunnlag?

Det må vere heilt greitt å ikkje like det andre vel. Men å nekte andre val fordi man frykter konsekvensar for samfunnet utan at dette har rot i realitetane, er ein uting. Slik frykt bør kurerast med eksponeringsterapi. Ta ein tur til ein friskole nær deg, og sjå alt det gode som skjer! Mange fleire burde skjøne at det er grunnlaust å frykte friskolar!